

Kva skjer egentleg inni ei babybleie?

I denne forskarsprinten skal de utforske løyndommen i babybleiar.

1 Dette lurar vi på



De skal bruke Nysgjerrigpermetoden til å finne ut korleis ei babybleie kan halde på så mykje væske.

2 Hypotesar



Kvifor trur de ei bleie kan halde på mykje væske? Kva kan vere inni bleia? Del tankar og bli samde om nokre hypotesar, altså nokre forslag til forklaringar.

Hypotesane våre:

3 Plan for undersøking



Kvar gruppe får: ei bleie, ei saks, eit farga ark (for då er det lett å sjå innhaldet i bleia), eit glas og litt vatn.

Framgangsmåte:

- A. Legg bleia på arket.
- B. Klipp bleia over på midten.
- C. Ta ut innhaldet med hendene og la det liggje på arket.

Deretter skal de undersøkje innhaldet litt nærmare:

- Samle innhaldet i eit glas
- Hell litt vatn i glaset
- Kva skjer?

4 Test hypotesane



No skal de gjennomføre undersøkinga ut frå planen. Hugs å observere nøye og skriv eller teikn det de ser.

5 Drøft og samanfatt



Diskuter i gruppa kva de har funne ut. Skriv kva de kan fortelje i klassen.

6 Del med andre



Lytt til kva dei andre gruppene har funne ut og fortel om dykkar egne funn. Diskuter kva klassen har funne ut til saman.
